

TEKSTILAR på tømmerveggar

VEKKER OPPSIKT:
Brynhild Slaatto
stiller ut tre
store tekstilar-
beid utandørs,
som denne som
er montert på
landhandelen.

Tre store tekstilar på brunbarka gamle tømmerveggar. Det er årets store overrasking på Hallingdal museum.

ARNE O. LINDAHL
aol@hallingdolen.no

Det er ein kontrast på tømmerveggane som får folk til å sjå og tenke over kva dei ser.

Det er mykje å oppdage.

– Kunstverket behøver ikkje bety noko. Men folk ser motiv, og alle kan ha like mykje rett, seier kunstnaren Brynhild Slaatto.

Uvanleg

«Utandørs» på tømmer. Det er den noko uvanlege og overraskande utstillinga på museet i Nesbyen no i sommar.

Ei utstilling som bryt med det tradisjonelle, ifølgje museumsstyrar Marit Mehlum. Tre store arbeider er montert opp på store vegg, ein på ein låve frå Flå, eit anna på Trøimstugu frå Hemseidal og det tredje på landhandelen.

– Det er noko eige å få stille ut her. Ei fantastisk oppleving, seier Slaatto.

Av hallingslekt

Som etternamnet tilseier har ho anar frå Hallingdal.



NYSKAPANDE: Museumsstyrar Marit Mehlum, til venstre, og Brynhild Slaatto er begge fornøgdde med utandørsutstillinga. No ventar dei spent på mottakinga den får frå publikum.

Faren var den kjente arkitekten Nils Slaatto, og bestefar var ikkje mindre kjent, arkitekt Oddmund Einride Slaatto.

Ho jobbar med både små og store format, og på dei gamle tømmerveggane på museet er det i høgste grad det største formatet ho har teke fram. Det er tekstilarbeid. Vevstolen er reiskapen hennar. Ho flytter arbeida utandørs og monterer dei på tømmerveggane. Her blir dei utsett for ver og vind, og fargane endrar seg – og blir bleika.

Arkitekt og arkitekturhistorikar Nina Berre skriv i samband med utstillinga at det faktum at nedbrytinga av garn og renning skjer raskare enn for tømmer og bygningar, minner oss om betydninga av tid og at ting er forgiengelege.

På ei reise

For tre år sidan stilte Brynhild Slaatto ut på Dagali museum etter anbefa-

ling frå den kjente biletkunstnaren Jan Groth, som har band til Dagali.

Då ho vart spurd om å stille ut i Nesbyen, var svaret ja. Tre arbeid har ho med seg. «Tre verk» som ho seier, som alle har vore ute på ei reise. Dei er tidlegare stilt ut på Arkitekthøgskulen og på Rulleboden, Tveten gard i Oslo.

– Eg leikar med ulike materialar, fortel ho. For eksempel maritimt nylontau som held lenge. Og possementtråd og sisal som er eit naturfiber. Eg er oppteken av kva som skjer med materiala.

Stoppeffekt

Det er ingen salsutstilling som heng på veggane på Hallingdal museum. Det er eit prosjekt.

Det viktige er å få folk til å stoppe og sjå. Det er ein kontrast mellom gammalt og nytt. Eit slags spegel, seier ho, som levandegjer teksten og bygningane.

– Arbeida passar bra på gamle tømmerveggar.

– Kva betyr dei?

– Dei betyr noko i den forstand at det er fargar og materialkarakter.

– Er du fornøgd?

– Ja. Eg er fornøgd slik det vart her, seier Brynhild Slaatto.

